



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 18/8726-1

Møtedatoar 2019 - fylkesrådet for eldre

Møteplan for 2019 vert vedteken slik den ligg føre:

11. februar
12. juni
17. september
12. november

Vedlegg:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Det er ynskjeleg at møteaktiviteten held fram på line med fjoråret. Det vert planlagt og datofesta fire møte i 2019. I tillegg kan det kome ekstra møte etter behov, samt at rådet får aktivitetar i samband med kurs og konferansar.

2. Bakgrunn for saka

Budsjettetramma for rådet sine aktivitetar er avgrensa.

Reglement for fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane vart vedteke av fylkesutvalet i sak nr. 236/92 med heimel i lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 08.11.1991, nr. 76, og vart revidert av fylkestinget i sak 18/15.

3. Vurderingar og konsekvensar

I samsvar med reglementet held rådet møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemmene ber om det. Dei planlagde møta skal så langt som råd vere tilpassa slik at saksdokument vert lagt fram i god tid før fylkestinget skal handsame sakene. I dei tilfelle sakene skal avgjerast i fylkesutvalet, hovudutvala, styre og råd, må eldrerådet ha saksdokumenta til handsaming før vedkommande organ handsamar saka. Målsetjinga er at eldrerådet si fråsegn skal vere kjend ved handsaming i hovudutvalet.

4. Konklusjon

Sidan budsjettramma for rådet sine aktivitetar er avgrensa er det ikkje rom for ekstramøte. Aktivitetar i samband med kurs og konferansar må vurderast opp mot budsjettramma for 2018. Det er tilrådeleg å legge møta kvartalsvis gjennom året og på tidspunkt der det vert mogleg å komme med innspel til relevante politiske avgjerder.